



## Vedtekter for skulefritidsordninga(SFO).

### Heimel: Opplæringslova § 13-7 Skulefritidsordninga

#### § 1 Virkeområde

Vedtekter for skulefritidsordninga gjelder for den kommunale skulefritidsordninga i Evje og Hornnes kommune (heretter kalla SFO), irekna tilbod til SFO for barn med særskilde behov på 5.-7-årstrinn.

#### § 2 Eigarforhold/retningsliner

Evje og Hornnes kommune er eigar av skulefritidsordninga (SFO). Tilbodet om SFO er lokalisert ved kvar barneskule og er eit tilbod til barn frå 1.-4.trinn, og barn med særskilde behov på 5.-7.trinn. Rektor har ansvar for organisering av tilbodet i tråd med opplæringslova § 13-7 og forskrift om nasjonal rammeplan for skulefritidsordninga, og har det administrative og økonomiske ansvaret for drift av SFO. Tilbodet skal drives i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Opplæringsloven kapittel 9A Elevane sitt skulemiljø gjeld og for skulefritidsordninga

##### § 2.1. Forsikring

Kommunen har ansvar for borna i den tida dei er på SFO. Barna i SFO- ordninga forsikra i medhald av forsikringsordninga til skulen. Føresette har ansvar for transport av barna til og frå SFO.

#### § 3 Føremål

SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både inne og ute skal være eigna for føremålet. Tilbodet omfattar aktivitetar ute og inne.

#### § 4 Styret.

Styret for SFO består av rektor og to foreldrerepresentantar. Foreldrerepresentantane er vald av foreldra til barn med tilbod i SFO. Dagleg leiar av SFO har møterett med tale- og forslagsrett i styret.

Styret sine oppgåver:

- sjå til at tilbodet blir drive i tråd med gjeldande regelverk
- kan gi uttale i saker som gjeld SFO, for eksempel budsjettforslag og vedtekter

#### § 5 Personale

Bemanninga i SFO skal vere 1 vaksen pr. 15 barn. Tilsett i SFO er normalt fagarbeidarar.

#### § 6 Opptak, opptaksperiode og opptaksmynde.

Opptak av barn skjer om våren med søknadsfrist 1. april, og gjeld for oppstart frå august same år. Opptaket gjeld for eitt skoleår.

Føresette søker SFO- plass i Visma flyt Føresettportal. Informasjon på heimesida til kommunen og skulen.

Rektor ved den skulen der SFO er lokalisert, er delegert ansvar som opptaksmynde. Rektor gjennomfører opptak i tråd med § 7 Opptakskriterium, og gir svar på søknad om plass i SFO. Blir det ledige plassar i løpet av året, blir desse tildelt av rektor i tråd med opptakskriterium (§7).

## **§ 7 Opptakskriterium.**

Opplæringslova gir ikkje barn rett til plass i skulefritidsordninga. Barn skal til vanleg gå i SFO-ordning i den skulekretsen barnet høyrer til.

Inntak av barn 1.-4.trinn i SFO og barn med særskilte behov 5.-7.trinn er med grunnlag i opptakskriterium gitt i vedtektene.

### Opptakskriterium:

- Alle barn i målgruppa ( 1.-4.trinn) skal få tilbod om plass i skulefritidsordninga ved den skulen dei til vanleg går.
- Inntak av barn med særskilte behov på 5.-7.trinn er etter grunngjeve søknad. Til søknaden må det bli lagt ved uttale frå sakkyndig instans/ i tråd med individuell plan (IP).
- Barn med særskilte behov 5.-7. trinn gjeld elever med funksjonsnedsetting som medfører omfattande og vedvarande behov for bistand, og som av den grunn ikkje er i stand til å ta vare på seg sjølv etter skuletid.
- Søkjarar med betalingsrestanse frå SFO blir ikkje gitt plass ved SFO før desse restansane er oppgjort med kommunen.

## **§ 8 Klage på vedtak om opptak i SFO**

Klagerett følgjer av forvaltningslova § 28, andre ledd. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt søkjar har mottatt vedtaket. Klageinstans er kommunen si klagemnemnd.

## **§ 9 Endring og oppseiing av skulefritidsplassen**

Tildelt plass i SFO gjeld til den blir sagt opp av foreldre/føresette. Oppseiingstid er 1 – ein – månad, rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Oppseiingsreglane gjeld og for reduksjon av timetal pr. veke.

Oppseiing av plass/ending av timetal skal sendast **skriftleg** til rektor. Det betalast full pris i oppseiingstid/endingstid, sjølv om barnet blir tatt ut av SFO før oppseiingstid er gått ut.

Ending av opphald kan skje to gonger årleg. Dette på grunn av kvalitet i SFO- tilbodet, og stabilitet for personalet. Ved behov for ending i SFO- plass på grunn av endra livssituasjon, ta kontakt med skulen.

## **§ 10 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid**

Opningstida skal tilpassast skulen sitt behov innafor tidsrommet kl. 0700 - kl. 1630.

Dersom det er behov for det, skal SFO ha opent heile året, med unntak av 4 veker om sommaren (juli) og 2 planleggingsdagar for dei tilsette. I skulen sine ferier og fridagar blir SFO- tilbodet organisert ved Evje barneskule.

## **§11 Foreldrebetaling.**

Kommunestyret fastset satsane for foreldrebetaling i SFO årleg i gebyrregulativet. Manglande betaling fører til oppseiing av plassen. Dersom foreldrebetalingen uteblir etter betalingsoppfordring, opphører SFO-plassen fra den første i påfølgjande måned.

Fråver enkeltdagar for eksempel ved sjukdom eller frivillig fråver gir ikkje reduksjon i betalingsssats. For ekstra opphald i SFO utanom den fast avtalte tida, skal det betalast ekstra per brukte timer.

Dersom barnet ikkje blir henta til avtalt tid, vil det bli fakturert tillegg kr. 150. pr. dag.

Betaling for eventuelle måltid og frukt/grønt kjem i tillegg til vanleg betalingsssats.

Timesatsane for SFO i skulen sine ferier og fridagar står i gebyrregulativet til Evje og

Hornnes kommune, og blir fakturert saman med første faktura etter påmeldingsfristen.

Det kan søkes om redusert foreldrebetaling SFO for elever i 1. og 2.trinn i tråd med nasjonal ordning, med heimel i forskrift til opplæringslova kapittel 1B Skolefritidsordninga.

## **§12 Areal for leik og opphald**

Areala til SFO, både ute og inne, skal vere eigna for formålet. SFO skal legge tilrette for leik,

kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna.

SFO skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal få gode utviklingsvilkår.

Netto innandørs leike- og opphaldsareal er minimum 4m<sup>2</sup>, og utearealet 24m<sup>2</sup> per barn som er tilstade på SFO til same tid.

## **§13 Teieplikt**

Alle tilsette i SFO har teieplikt etter Forvaltningsloven §§13 til 13e.

## **§ 14 Fastsetting av vedtekter for skulefritidsordninga**

I medhald av delegeringsreglement for Evje og Hornnes kommune er det Levekårsutvalget

som fastsett vedtekter for skulefritidsordninga. Kommunedirektøren kan gjere mindre

justeringar i vedtektene mot melding til Levekårsutvalget.

## **§ 15 Ikrafttreding**

Vedtekter for skulefritidsordninga i Evje og Hornnes kommune trer i kraft frå tidspunkt for vedtaket.

**Vedtatt i Levekårsutvalget sak nr. 08/2023.**